

Høring av Regional handelsføresegn

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i møte den 09.05.2019 (FU-sak 37/2019) å legge utkast til regional handelsføresegn ut på offentlig ettersyn. I fylkesutvalet sitt vedtak står det:

Utkast til revidert handelsføresegn med retningslinjer vert lagt ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist 31. juli 2019, jf. plan- og bygningsloven § 8 - 3.

Føremålet med revisjonen er å balansere ønske om større handelsetableringar i og utanfor sentrum mot omsyn som klima og miljø, regional konkurranse, arealbruk og stadutvikling. Vidare er det eit mål å forenkle handsaminga for kommunane, gi grunnlag for lik praktisering, mindre rom for skjønn, og eit meir føreseieleg regelverk for utbyggjarane.

Handelsføresegna byggjer på senterstrukturen i fylket, som er vedtatt i [Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#), og legg til rette for nytt bruksareal for handel i fylkessenter, regionsenter, senter i BAS-område, kommunesenter og lokalsenter (bygder). Dette gjeld nytt bruksareal og utvida bruksareal knytt til eksisterande bygningar for handel.

Ny handelsføresegn har ikkje arealrestriksjon for handelsetablering innafor sentrumsavgreisinga i alle regionsenter og BAS-senter.

Kommunesenter kan etablera ny detaljhandel med inntil 2000 m2 bruksareal (BRA) utover eksisterande handel, innafor sentrumsavgreisinga.

Lokalsenter (bygder) kan etablera ny handel med inntil 1000m2 BRA utover eksisterande handel, der minst 80% av varene og omsetnaden skal vera daglegvarer.

Handelsføresegna består av tre kapittel:

- Føresegnene som er juridisk bindande, jf. Plan- og bygningslova §8-5: regional planføresegn
- Retningslinjene som er førande
- Definisjonar som forklarar omgrep som er brukt

Vi ber om innspel og merknader knytt til utkastet til handelsføresegn. Høyringsdokumenta vert sendt ut som vedlegg, og gjort tilgjengelege på fylkeskommunen si heimeside <http://www.sfj.no/under> høyringar. Send innspel på e-post til post@sfj.no (skriv e-sak 18/7724 i emnefeltet) eller via innspelsskjema på heimesida til fylkeskommunen.

Frist for innspel er 31.juli 2019

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til planarbeidet.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Marianne Bugge
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: 7

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Solund kommune 6924 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN

m.fl.